

---

Saksnr: 2020/60438-10  
Saksbehandlar Ingeborg Strandberg  
Dato: 24.09.2020

---

---

**Til:** Fylkesvalstyret

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Høring - Forslag til midlertidig endring i valgforskriften - adgang til elektroniske underskrifter på listeforslag

### Bakgrunn for referatsaka

Stortinget vedtok i juni i år ein førebels endring i vallova om åtgang til elektronisk underskrift på listeforslag. Reguleringa gir departementet heimel til å fastsette åtgang til å nytte elektronisk signatur for å underskrive på listeforslag etter vallova § 6-3 andre ledd bokstav a ved stortingsvalet i 2021. Den førebelse endringa skal avhjelpe negative konsekvensar av utbrotet av covid-19 og gjere det mogleg for politiske parti og uregistrerte grupper å samle inn underskrifter på listeforslag elektronisk.

Departementet føreslår i det vedlagte høyringsnotatet ein førebels endring i valforskrifta om slik åtgang til elektronisk underskrift på listeforslag.

### Fristar

Valgdirektoratet har på denne bakgrunn fått i oppdrag å utvikle en løsning for innsamling av elektroniske underskrifter. Løsningen skal være klar til bruk innen 1. oktober 2020.

For å sikre at den førebelse forskriftsendringa kan tre i kraft snarast mogleg, vert høyringsfristen svært kort. Høyringsfristen er torsdag 25. september 2020.

Fylkesrådmannen har fått stadfesta at høyringsfristen er fredag 25. september 2020, og at det ikkje er mogleg å utsette høyringsfristen til fylkesutvalet 29. september 2020. Høyringsnotatet vart sendt ut 22. september 2020.

### Fylkesrådmannen sin kommentar

Dette høyringsnotatet byggar, som nemnt over, på ein førebels endring i vallova som vart vedteke i juni i år. Høyringsnotatet til den førebelse endringa i vallova var datert 28. mai 2020 (en torsdag) og hadde frist 1. juni 2020 (mandag i pinsehelga) kl. 15:00.

I delegeringsreglementet til fylkeskommunen står det under fylkesutvalet punkt 7 «Høyringsuttale» følgjande:

«Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala).»

For at Vestland fylkeskommune skal kunne kome med ei høyringsuttale, må fylkesutvalet gjere slikt vedtak. Det har ikkje vore mogleg å skrive sak og å samle fylkesutvalet til møte om desse to høyringsnotata, grunna fristane fylkeskommunen har fått frå departementet.

Fylkesvalstyret har difor fått førelagt seg dei to høyringsnotata som referatsaker.

Det er verdt å merke seg at på tross av at ei endring i valforskrifta no er på høyring har det sidan 24. juni vore ein eigen sak om «Digital løsnig for innsamling av underskrifter til listeforslag» (<https://www.valg.no/stortingsvalget-2021/lister-og-partier/digital-losning-for-innsamling-av-underskrifter-til-listeforslag/>), der det i ingressen står:

«Fra 1. oktober 2020 kan politiske partier samle inn underskrifter til listeforslag elektronisk.»

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner det er utfordrande med korte fristar på høyringsuttalar frå departementa, og spør seg om høyringsnotat med så kort høyringsfrist er ein reell høyring.

Dersom fylkesrådmannen hadde hatt moglegheit til å legge fram ei sak om høyringsuttale til fylkesutvalet, ville han ha rådd til at fylkesutvalet i ein høyringsuttale støttar ei endring slik den vert skissert i høyringsnotatet.